

– Medverknad frå innbyggjarane er viktig

Morten Harket nemnde Son som eit på døme på uheldig stadutvikling. Son er kjend for dei gamle gatene sine frå hollendartida, med trehus og tronge smau. Men utbyggjninga av ei rekkje terrassehusvære ved Son marina i 2010 vekte demonstrasjonar og debatt på tettstaden.

Døme frå andre sjøsideutbyggjingar – der ein har lova offentleg rom for folket, men der innbyggjarane er taparane – er «Sørlandet Kunnskapshavn» i Arendal, ferdigstilt i 2012. Meininga var at det skulle vera brei strandpromenade framfor bygget, men han vart redusert til 2,1 meter. Grunnen til at bygget vart lagt heilt ut i sjøkanten, var at husværa på toppen skulle få kveldsol. Kommunen mottok i år ein klage frå Norges Handikapforbund – det er rett og slett umogeleg for rullestolbrukarar å bruke promenaden.

NORHEIMSUND

Men vi skal òg dra fram døme vi kan lære av: Norheimsund i Hardangerfjorden. Staden

liknar på Sætre: I sentrum av Norheimsund bur det to–tre tusen menneske, det er ein tettstad ved ein fjord som byr på eit variert landskap, og det har vore stort fokus på sjøsideutbyggjning. Norheimsund i Hardanger fekk statens pris for mest attraktiv stad i 2013, etter ein stor snuoperasjon i sentrum.

SAMSPEL

Ordførar i Norheimsund, Asbjørn Tolo (H), fortel kva oppskrifta på vellukka stadutvikling er:

– Medverknad frå innbyggjarane er svært viktig. Dei er ein viktig del av samspelet mellom kommune og utbyggjarar. Det handlar ikkje berre om prosessen undervegs, men òg utfallet. Det er viktig at innbyggjarar får ei kjensle av byrskap knytt til staden når prosjektet er fullført.

– Utfordringa kan vera ein utbyggjar som vil ha prosjektet fort gjennomført. Då gjeld det jamt og trutt å vise resultat til alle involverte partar, så ingen misser interessa.



Utkastet for sjøsida i Sætre som Hurum kommune presenterte i 2013 (til venstre). Resultatet, med namnet «Skjærgårdsidyll», etter at kommunen og utbyggjarane...

Slaget om sjø

«Skjærgårdsidyll» lovar politikarane i tettstaden S eit skuggelagt sentrum.

STADUTVIKLING

RONNY SPAANS
ronny@dagotid.no

Sætre i Hurum, sørvest i Oslofjorden, slår i hel alle førestellingar folk har om det sentraliserte Oslo. Sætre ligg berre tre mil i luftline frå hovudstaden, men bussen dit tek bortimot éin og ein halv time – på den svingute vegen er han innom opptil sytti haldeplassar, med namn som Torskeberget og Skjæret.

Men med eitt opnar eit landskap seg – eit kupert terreng mellom øyar og skog med ein liten tettstad i midten – Sætre med to–tre tusen innbyggjarar. Er eg komen til ein kystby i ytre Sogn, eller er eg enno i nærleiken av Stor-Oslo med ein million innbyggjarar?

«Sørlandsidyll ved inngangen til Oslo», står det på Hurums heimeside. Utbyggjninga av sjøsida er det store i norsk stadutvikling, og no er turen komen til Sætre.

Eit område ved sjøen, ein stor parkeringsplass, på to brann- tomter, ropar etter utvikling. Men utfallet blir ikkje det folk forventar seg: privatisering av strandområde, overprosjonerte bygg. I tillegg seier ei aksjonsgruppe at det ikkje har vore opna for medverknad frå innbyggjarane.

NYTT SENTRUM

Eg tek dei punktvis. Det mest påfallande fyrst: Planen var å gjera sjøsida open for folket ved å bygge ein brei bryggjepromenade. Det var hovudtemaet då ein plan for arealet vart presentert i 2013. Dei fyrste skissene viste ei tilforlateleg sjarmfull, variert småbyutbyggjning, der sjøside, bryggje og båtliv kom til sin rett.

Mange utbyggjarar vart inviterte til å koma med framlegg med utgangspunkt i teikninga. Men det kom berre eitt framlegg. Sætre utviklingselskap (SUAS) – på vegner av Hurum kommune – gjekk så saman med denne utbyggjaren, Conceptor, for å laga neste framlegg.

Dette framlegget vart presentert sist haust og er heilt annleis: bustadblokker på 5,5 etasjar, i stål og betong. Bustadmassen og høgda er dobla, og samtidig er dei største bygningane plasserte utover sjøsida på pælar, slik at mykje av fellesarealet blir borte. 151 bustader, tofelts trafikkert gate, torg, parkering og ei lita bryggje. Alt dette skal inn på ei 4500 kvadratmeter stor tomt og skal i all framtid tene som sentrum for heile nærområdet som har store ubygde område. Blokkene blir presenterte som «Skjærgårdsidyll».

– Dette er nytale. Sjå på blokkene som vart reiste på andre sida av fjorden, i Son – dei vart

presenterte som «rorbuer». Ordvalet går attende til ein propagandistisk strategi: Innhaldet til orda spelar inga rolle; vi får heller ikkje koma med kritikk, for det er til hinder for «positiv utvikling» og «framdrift». Slik skugar kommunen til sides alle argument som går på kvalitet og langsiktig berekraft.

Det seier Morten Harket, som har budd i Hurum sidan 2004 og har fylgt med på utviklinga av tettstaden. I dag er han medlem av aksjonsgruppa «Respekt Sætre». Han held fram:

– Det er viktig å peike på at motstanden mot prosjektet ikkje berre kjem frå einskildpersonar eller -grupper, men at det er ei uro som råder i heile Sætre.

BLOKKER KASTAR SKUGGAR

Ein skal alltid ta prosjektskisser frå utbyggjarar med ei klype salt – dei skal jo reklamere for prosjektet. Den nye perspektivskissa viser soljoss overalt. Men blokker kastar skuggar, særleg blokker som er 18 meter høge i ein liten tettstad med låge bygningar – dei høgste blir 8 meter høgare enn det høgaste huset på området, Fjordrestauranten.

Dei nye blokkene vil ligge som ein mur mot sør og store delar av dagen kaste ein skugge over sentrum, med kafear og butikkar.



Ein strandpromenade i Arendal på 2,1 meter. Foto: Erling Okkenhaug



I sentrum av Norheimsund har folk stor tumleplass ved sjøsida.



utbyggjar hadde arbeid saman (til høgre). Illustrasjonar: Hurum kommune/ Conceptor

Sjøsida

Sjøsida i Hurum. Resultatet blir privatisert strand og

– 4500 kvadratmeter er eit for lite område med så mange bustader og blokker. Heile planen har teke ei uventa og urovekkjande vending, seier Olav Meland, ein annan medlem av «Respekt Sætre».

Han viser meg ledige tomter berre eit par hundre meter unna. Dei var fyrst planlagt utbygde, men er no sette på vent i minst ti år. Her har omsynet til

Her er det ein stor ironi: Sætre ligg berre tre mil frå Oslo – ein av dei byane som opplever størst tilflytting i Europa. Men dei jamstore blokkhusværa ser ut til å vera bygde for berre ei spesiell kundegruppe: pensjonistar og einslege. Rådmannen i Hurum kommune har då òg sagt at det er stort behov for eldrebustader i kommunen.

Sjøsida, som er kalla «det nye

slik kolossal nedbygging med heilt vanlege blokkhusværa?

Dersom ein venta til trafikktilboda vart betre, ville Sætre kanskje ha betre sjansar?

DIFFUS PROSESS

Det store spørsmålet i Sætre er korleis overgangen frå den fyrste til den andre skissa var mogeleg. Høgre og Arbeidarpartiet har saman køyrt prosessen vidare. Aksjonsgruppa «Respekt Sætre» og andre partar har peika på uheldige moment i prosessen: Forutan skort på samsvar mellom planane set dei fingeren på hastverk, korte tidsfristar og ingen reell medverknad frå innbyggjarane.

– Det handlar om å halde korta tett inn til brystet og ikkje informere, men vise til høyringsperioden. Men då er løpet alt køyrt, for då er dei viktige avgjerdene alt tekne. Kommunen degraderer den demokratiske prosessen til ei rein protokollføring: Ein skal forstast råd krysse av på dei rette punkta, utan å samtala med innbyggjarar, seier Morten Harket.

Siste nytt om saka er at Høgre fekk igjennom framlegget sitt om seks vekers høyringsfrist på den nye regluringsplanen for prosjektet «Skjærgårdsidyll». Opposisjonen ville ha ti vekers høyringsfrist.

– Sætre har eit unikt potensial, men kommunen øydelegg det med det nye byggjeprojektet.

Morten Harket, budd i Sætre i ti år



utbyggjar og private grunneigarar vege tungt.

– Det var meininga at også desse tomtene skulle bli greidde ut til utbygging. Men her har utbyggjar nok sett krav om kva som løner seg og er lettast å selja, seier Meland.

«DET NYE SÆTRE»

Det har tydelegvis handla om å gjera seg mest mogeleg attraktiv for ein utbygging. Ein ville presentere eit areal med mest mogeleg utnytting per kvadratmeter rett ved sjøsida og båthamna.

Sætre», blir då ein stad for berre éi aldersgruppe. Det gjev ikkje akkurat menneskeleg liv til sjøsida.

Kvifor ikkje byggje bustader som dreg til seg unge, urbane folk? Eg skreiv det i starten av artikkelen. Som mange andre stader i Stor-Oslo er trafikktilboda elendig. Det var det argumentet andre utbyggjarar gav då eg ringde dei og spurde om kvifor dei ikkje leverte framlegg: Sætre er ikkje attraktiv nok. Men trur ein at Sætre vert så mykje meir attraktiv etter ei

Alarmismens språk og vitenskapens irrelevans

(Foredraget er på engelsk).

Professor emeritus Richard Lindzen (MIT), medlem av Det Norske Videnskaps-Akademi



Lindzen tar til orde for en vitenskapelig tilnærming til klimasaken. Da må relevante spørsmål stilles istedenfor meningsløse utsagn om fare. Mye tyder nemlig på at advarslene er gale. Foredrag på universitetene i Oslo, Bergen og Stavanger 18., 20. og 21. mai.

Åpent møte

Gamle festsal, Urbygningen (DA)

Universitetet i Oslo, Karl Johans gt.

Mandag 18. mai 2015, kl. 19.00



KLIMAREALISTENE

www.klimarealistene.com

Nettverk for studier av totalitarisme og demokrati (NEST)

Islamisme som ideologi og trussel

Dato: 21. mai

Tidspunkt: kl. 13-18

Sted: Litteraturhuset i Oslo (Amalie Skram)

- Hva er Islamisme?
- Hva er dens forhold til Islam?
- Hvilken trussel representerer Islamismen for vesten og den muslimske verden?

Innledninger ved:

Mehdi Mozaffari,
Øystein Sørensen,
Cecilie Hellestveit,
Lars Gule
Sylo Taraku

Åpent for alle, gratis adgang

